



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

REGIONALAVDELINGA  
Seksjon for plan - REG AVD

Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Att. Christian Hagerup Reinshol

<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
Klassering	
- 8. 04. 2016	
Ark. saksnr	Fødsel
Saksnr	Tilgangskode

Dato: 07.04.2016  
Vår ref.: 2014/22699-12  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.: 14/5248 - 16/5111

## Fråsegn til høyring av reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde - Myksvoll - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 25.02.2016 om høyring av forslag til detaljregulering for Bergåsstranda naustområde, Myksvoll, gnr. 63 brn. 38 m.fl. Lindås kommune. Hovudføremålet i planen er naust og fritidsbustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til naust og fritidsbustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 28.10.2014.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

### Vurdering

#### Strandsone, friluftsliv og landskap

Ved oppstart av planarbeidet minna vi om at planområdet ligg innafør landskapsområdet Lurefjorden som i verdivurderinga av Hordaland er verdisatt til *stor verdi – landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng*. Planområdet ligg også innafør det regionalt viktige friluftsområdet Seimsfjorden.

Planframlegget som ligg føre sikrar at utbygginga av fritidsbustaden og nausta spelar på lang med landskap og terreng. Det er positivt at nausta vert sikra utbygd i kynger på 2 eller 3. Vi ber om at det vert sikra at det vert gode rom mellom nausta slik at allmenta kjenner seg velkommen til å vandre i strandsona. Vi ber om at det vert ein variasjon i nausteiningane med farge, form og materiebruk slik at ein unngår for mange like einingar.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavaren er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak,

keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

## **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga